

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 22.01.2021
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Evy-Helen Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2020**

Arkivsak

2020/1529

Styresak 004/2021

Styremøte 29.01.2021

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per desember 2020 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Aktiviteten i desember var lågare enn budsjett. Innanfor somatikken og utan H-resept var aktiviteten målt i DRG-poeng 94,4 prosent av budsjettet og 98,3 prosent samanlikna med førre år. Frå det lågaste nivået i april, som var 65 prosent, har føretaket klart å auke aktivitet jamt. For heile 2020 vart aktiviteten 91,5 prosent samanlikna med budsjett. Administrerende direktør er godt nøgd med dette i eit ekstraordinært år. Det har vore stort fokus på å auke aktivitet etter nedstenginga, og dette vil halde fram inn i 2021 med mål om å redusere ventetidene.

Redusert aktivitet målt i DRG-poeng er knytt til dag-/døgnopphald innanfor begge dei somatiske klinikkane. Når det gjeld poliklinisk aktivitet er medisinsk klinikk på budsjett, medan kirurgisk klinikk er bak budsjett. Pandemien har i større grad påverka aktiviteten innanfor dei kirurgiske poliklinikkane.

Aktiviteten innan psykisk helsevern er ikkje i like stor grad påverka av pandemien. Dette ser vi spesielt ved å samanlikne med aktiviteten i fjor. Likevel har det hatt noko konsekvens, og då spesielt innanfor polikliniske konsultasjonar for vaksne. Innanfor rus har aktiviteten også blitt påverka av vakante stillingar og oppussing av areal, samt redusert kapasitet for å ha smittevernberedskap.

Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presenterer derfor ikkje økonomisk resultat for desember. Basert på arbeidet så langt er administrerende direktør si vurdering at føretaket vil få eit resultat som er noko betre enn prognosen presentert førre månad. Denne var 70 millionar betre enn budsjett.

Innanfor fag ser administrerende direktør at pandemien framleis påverkar helseforetaket. Spesielt ser vi dette for ventetider og fristbrot. Ventetider for ventande innan somatikk (nytilviste) har auka med 9 dagar samanlikna med i fjor. For dei som har fått starta helsehjelp ligg vi også høgare enn i fjor, 67 dagar for i år mot 62 dagar i fjor. Det er fokus på å få ned ventetidene, og vi ventar gradvis vidare nedgang.

Førebels er det registrert 134 nye fristbrot i desember. Dette svarer til 4,3 prosent av alle med frist i desember, og er ein reduksjon frå 4,6 prosent i november og 7,3 prosent i oktober. Trendkurva er nedgåande. Det er innan ortopedi og fordøyelsessjukdommar vi har hatt flest fristbrot denne perioden.

Andel ikkje møtt er stabilt låg med 1,1 prosent. Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,2 prosent. Når det gjeld epikrisetider innan 7 dagar ligg vi jamt over 90 prosent. For epikrisetider innan ein dag har psykisk helsevern hatt ein gledeleg auke frå 34 prosent i 2019 til 41 prosent i 2020.

Sjukefråværet var i november var 6,7 prosent. Dette er 0,6 prosentpoeng betre enn oktober og på same nivå som tilsvarande periode i fjor. Administrerende direktør registrerer positiv utvikling både på korttids- og langtidsfråvær, og trenden ser ut til å fortsetje inn i desember. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadene er 6,7 prosent, som er høgare enn tidlegare år. I 2019 var sjukefråværet 6,5 prosent. Nivået i 2020 må nok sjåast i samanheng med pandemien og karantenerreglar.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 61 dagar ved utgangen av desember (58 i november). 52 i desember 2019. Altså +9 frå i fjor.
- PHV: 25 dagar ved utgangen av desember (14 i november). 25 i desember 2019. Altså ingen endring.
- PBU: 30 dagar ved utgangen av desember (22 i november). 30 i desember 2019. Altså ingen endring.
- TSB (rus): 26 dagar ved utgangen av desember (20 i november). 30 i desember 2019. Altså -4.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november var:

- Somatikk: 67 hittil i år (68 dagar i desember) – måltal er 53. 62 hittil i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- PHV: 25 hittil i år (23 dagar i desember) – måltal er 40. 27 hittil i fjor. Altså -2.
- PBU: 41 hittil i år (34 dagar i desember) – måltal er 35. 39 hittil i fjor. Altså +2.
- TSB (rus): 28 hittil i år (24 dagar i desember) – måltal er 30. 24 hittil i fjor. Altså ingen endring.

Fristbrot – måltal 0 prosent,

- Førebels registrert 101 fristbrot på behandla pasientar i desember svarande til 4,8 prosent av behandla i desember (9,5 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,3 prosent.
- Førebels registrert 134 nye fristbot i desember, svarande til 4,3 prosent av alle med frist i desember (4,6 prosent i november).

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

- Førebels 74 prosent for første time (73 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 81 prosent.
- 82 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timer (81 prosent i november). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 81 prosent.

Andel ikkje møtt

Stabilt lågt med 1,1 prosent (0,9 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,2 prosent.

Epikrisetider

- Innan 1 dag: somatikk 77 prosent i desember. Hittil i år 74 prosent (75 prosent i 2019). Psykisk helsevern 43 prosent i desember. Hittil i år 41 prosent (34 prosent i 2019)
- Innan 7 dagar: somatikk 93 prosent i desember. Hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2019). Psykisk helsevern 95 prosent i desember. Hittil i år 94 prosent (89 prosent i 2019).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 21 korridorpasientar, svarande til 0,3 prosent (0,2 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,9 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

43 døgn i desember, svarande til 0,9 prosent av alle liggedøgn (0,3 prosent i snitt i 2019). Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,8 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 15 strykingar av totalt 391 planlagde operasjonar svarande til 3,8 prosent (6,4 prosent i november). Gjennomsnitt for 2019 var 4,5 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 606	1 747	-141	1 649	-43	19 277	21 297	-2 020	20 315	-1 038
DRG-poeng poliklinikk, A	411	391	19	403	8	4 961	5 236	-274	5 253	-292
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	92	108	-17	115	-24	1 827	1 801	27	1 711	116
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	37	38	-1	36	1	587	594	-6	664	-77
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 145	2 284	-139	2 203	-58	26 653	28 927	-2 274	27 943	-1 290
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	(27)	147	-173	137	-164	1 289	1 829	-540	1 933	-644
Sum DRG-poeng egne pasientar (A+C)	2 081	2 393	-312	2 304	-223	27 354	30 162	-2 808	29 212	-1 858
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 156	1 107	49	1 040	116	14 428	14 342	86	14 093	335
Tal sjukehusopphald	1 430	1 575	-145	1 464	-34	17 187	18 932	-1 745	18 142	-955
Tal polikliniske konsultasjonar	9 259	8 906	353	8 574	685	110 049	120 074	-10 025	116 917	-6 868

Perioden

Aktiviteten i perioden var 2,2 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 6,9 prosent høgare enn fjoråret.


Samla DRG-produksjon i føretaket var 6,1 prosent lågare enn budsjett (- 139 poeng) og 2,6 prosent lågare enn førre året (- 58 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 7,6 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 5,0 prosent lågare enn fjoråret.

I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 7,9 prosent lågare enn budsjett (- 2.274 poeng). Dette er 4,6 prosent lågare enn fjoråret (- 1.290 poeng).

Digitale helsetenester



6,5 prosent av dei polikliniske konsultasjonane i desember vart utførte gjennom telefon (4,8 prosent) eller video (1,7 prosent). Til saman utgjør det 905 konsultasjonar. Regjeringa har gjennom statsbudsjettet sett 15 prosent som nasjonalt mål. Som figuren viser har psykisk helsevern 18,7 prosent digitale konsultasjonar, medan dei somatiske klinikkane har mellom to og fem prosent.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 406	1 560	-154	1 664	-258	17 059	18 700	-1 641	19 012	-1 953
Tal utskrivne pasientar	97	85	12	97	0	1 066	1 055	11	1 086	-20
Poliklinisk dagbehandling	15	8	7	14	1	165	100	65	260	-95
Polikliniske kons. m/refusjon	1 683	1 927	-244	1 768	-85	23 686	26 000	-2 314	25 326	-1 640
Rus										
Tal heildøgnsopphald	510	613	-103	486	24	5 734	7 470	-1 736	6 941	-1 207
Tal utskrivne pasientar	18	19	-1	9	9	186	240	-54	236	-50
Polikliniske kons. m/refusjon	198	262	-64	225	-27	2 687	3 150	-463	2 783	-96
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	104	88	16	108	-4	1 359	1 200	159	1 369	-10
Tal utskrivne pasientar UPH	10	5	5	6	4	92	80	12	67	25
Polikliniske kons. m/refusjon	1 298	1 301	-3	1 217	81	16 769	18 300	-1 531	16 979	-210

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne i perioden var litt lågare enn plan. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 65 prosent i snitt. Akuttposten hadde 89 prosent belegg i perioden.

Innanfor TSB har aktiviteten i perioden også vore litt lågare enn plan, men om lag på nivå med førre året. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 64 prosent i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore om lag som plan, og litt høgare enn same periode i fjor. 56 prosent belegg ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) i perioden.

Beleggsprosent døgnsesjonar



Beleggsprosenten i perioden er 65 prosent i snitt på DPS, og 64 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 56 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 89 prosent.

ØKONOMI


Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presenterer av den grunn ikkje økonomisk resultat for desember. Basert på arbeidet så langt er administrerande direktør si vurdering at føretaket vil få eit resultat som er noko betre enn prognosen presentert førre månad. Denne var 70 millionar betre enn budsjett.

Likviditet

Per utgangen av desember 2020 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 362,3 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 371,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i november 6,7 prosent. Det er på same nivå som i fjor, og 0,6 prosentpoeng betre enn førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadene er 6,7 prosent.

Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2396. Dette er 102 fleire enn same periode i 2019.
 Netto månadsverk i perioden var 2228. Dette er 79 fleire enn same periode i 2019.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).
 Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste 12 månadene.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal kartleggast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde er 80 prosent i perioden mot 80 prosent i førre måned.




Snittet for Helse Førde er 77 prosent i perioden mot 76 prosent månaden før.



Snittet for Helse Førde er 66 prosent i perioden mot 65 prosent i førre måned.

Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. HFD er innanfor måлтаlet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude og oransje pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt, og HFD hadde høgare mediantid enn målet.

Oppstart av antibiotika

